

## Finansdepartementet

Arkivsak: 11/1070-3 / Journalpost: 12/4210

Arkivkode: 232

Avd/Saksh: ÅEM

Dykkar ref:

DALE 26.06.2012

### **HØYRINGSUTTALE – FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ VISSE UTMARKSOMRÅDE OG BRUK AV FORMUEGRUNNLAG VED UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT PÅ BUSTADER**

Ein viser til høyringsbrev frå finansdepartementet av 28.mars 2012 vedkomande forslag om fritak for visse utmarksområde og bruk av formuegrunnlag ved utskriving av eigedomsskatt på bustader,

Vaksdal kommune sluttar seg til høyringsuttalar frå LVK og KS av 20.06.12.

- Nasjonalparker, naturreservat, og andre verneområde som landskapsvern og biotopvern kan gjevast fritak for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova. Frivillig skogvern kan gjevast obligatorisk fritak etter § 5. Statleg og privat lågproduktiv eigedom kan gjevast fritak etter § 7 i eigedomsskattelova. Føreslegne fritak skal ikkje omfatte verk og bruk som t.d kraft og telelinjer i område som er føreslege fritatt..
- Takseringsplikt for eigedommar fritatt etter §§ 5 og 7 vert oppheva. Kommuner som ønsker det kan framleis taksere fritatt eigedom.
- Bruk av formueverdiar som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt kan nyttast som ei frivillig ordning. Formueverdsetting vil gje lågare kvalitet på takstene og tapt inntekspotensial for kommunane. Det er fleire utfordringar knytt til samkjøring av registre, reduksjonsfaktor og definisjon av "bustad" mv. Takseringsarbeidet vil vera enklare for kommunane ved bruk av formueverdiar.
- Ved bruk av formueverdiar må kommunane ha klagerett ved fastsetting av formuegrunnlagene. Grunnlaget må sendast kommunane seinast i oktober.

Med helsing

Vaksdal Kommune

**Åse Elin Myking**

Ass. rådmann

